



Sunnfjord kommune

Areal- og byggesak

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Silje Aakre Solheim

Vår ref.:
22/7423-10

Dykkar ref.:
202308566-2

Saksbehandlar:
Ida-Kristine Mehammer

Dato:
26.06.2023

Uttale frå kommunen til melding om fråføring av deler av nedbørfeltet til Grytaelva

Vi viser til brev datert 05.06.2023, dykkar referanse 202308566-2, der de ber om uttale til melding om fråføring av delar av nedbørfeltet til Grytaelva.

Plan

For området gjeld kommunedelplan for Vevring. Planen finn de her:

<https://www.arealplaner.no/4647/arealplaner/534>

Naturmangfald

Når det gjeld verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt har vi ikkje kjennskap til anna informasjon enn den som er tilgjengeleg i offentlege databasar, jamfør vedlagt tiltaksanalyse for området ved Grytaelva. Naturtypen «Gamal fattig edellauvskog» er registrert i «nærområdet», samt nokre «artar av nasjonal forvaltingsinteresse» (alm, ask, heistarr og olivinlav). Vi reknar ikkje med at desse vil vert særskilt påverka av omsøkte tiltak, men vi har ikkje fagleg kompetanse til å vurdere dette.

Vassdrag

Vi legg ved det vi har av konkrete faglege vurderingar knytt til Grytaelva. Vedlegg «Konsekvenser av gruvevirksomhet».

Friluftslivsområde

Vi har sjekka ut kartlagde og verdsette friluftslivsområde. Vi finn at ein liten del av tiltaksområde ligg innafor eit kartlagt friluftslivsområde Fardalen, med C-verdi. Faktaark:

<https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00044133>

Vi vurderer at tiltaket ikkje har noko stor betydning for friluftslivet.

Brakarinteresser

Det er bekymringar for vassforsyninga til dei som bur i området. Det går i kvalitet og mengde på drikkevatnet. Det er i alle fall viktig å ivareta dette på ein god måte. Kommunen har hatt mange telefonar frå området, der dei er bekymra for dette. I søknaden sin, står det at i periodar med lite vatn, vil dette tiltaket føre til lite men positivt bidrag til vassføringa. Kva ser ein føre seg i forhold til kvaliteten?

Med helsing

Odd Harry Strømsli
einingsleiar

Ida-Kristine Mehammer
ingeniør

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi:

Vedlegg:

Konsekvenser av gruvevirksomhet